



«Strikk for tunet»

Velkomen til BASAR,
laurdag 16. februar

Side 5



Superlaurdag i Tunet

Velkomen til inspirerende foredrag
og workshop, 2. februar

Side 7



Tiltaksfadder - noko for deg?

Sjå Sokneprestens hjørne

Side 11

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebo

FOTO FRAMSIDE:

Knut-Inge Johnsen

TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.460 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10**KYRKJESKOLEN I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
E-post: post@os.kyrkja.no
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

LEIAR



Takk for meg!

Eg vil nytte leiarspalta denne gongen og få takka for meg som kyrkjevevjerje sidan sommaren 1997 og fram til mars i år.

Eg tør skryte på meg at eg har vore kyrkjevevjerje lengst i nyare tid og ingen vil slå den rekorden. For om berre eit lite år er det kyrkjevevjerja i Bjørnafjorden som har forvaltar- og leiarsvaret for kyrkjene i kommunen.

Gjennom desse vel 20 åra har eg fått vere med på mykje som betyr noko for folk flest i Os-bygda. Store byggeprosjekt har vakse fram. Alt i 1998 starta vi med bygginga av kontorfløy til det som den gong heitte Kyrkjetunet. Kyrkjeadministrasjonen fekk i 1999 tenlege kontor etter mange år i leigde lokale.

Same året starta og utvidinga av gravplassen på Nore Neset og bygginga av kyrkja der. I desember 2000 vart kyrkja og kyrkjegarden vigsla av biskop Ole Hagesæther.

I samarbeid med Søfteland indremisjon vart stiftinga Nøtteliten barnehage etablert i 1999 og overtok da den private barnehagen Nøtteliten på Søfteland. Denne barnehagen er den einaste barnehagen i Os med utvida kristen målsetting. I samband med den store barnehageutbygginga tidleg på 2000-talet vart den nye Nøtteliten barnehage reist på Søfteland. Barnehagen har 5 avdelingar og gjev tilbod til nær 100 born. På vegne av Os sokneråd fekk eg vere med i den prosessen og var styreleiar for Stiftinga Nøtteliten fram til 2017.

Stortinget løyvde midlar til trosopplæring i kyrkja og med den fekk vi fleire stillingar. Desse nye stillingane, kombinert med auka presteressurs og etablering av diakonstilling, førte til auka trong for kontorplass og i 2013 vart kontorfløya utvida. Og ikkje nok med det; det store løftet for kyrkjelyden skjedde i 2016-2017 da Tunet kyrkje- og kultursenter reiste seg og var innvia våren 2017. I tillegg har vi

vore i prosess med prosjektavdelinga i Os kommune i samband med utviding av Kuventræ gravplass.

Masse byggeaktivitet, spennande og krevjande oppgaver, men og ei glede og ære å få vere med på. Men bygg lager ikkje kyrkjelyd. Bygg er gode og naudsynte reiskaper i kyrkjelydsarbeidet.

Den viktigaste ressursen eg har fått vere med å leie er dei tilsette. Nokre har vore med i mange år; andre har vore i kortare eller lengre økter. Slik er det i arbeidslivet elles, men eg vil takka alle gode medarbeidarar for engasjement og arbeidslyst, evne til å sette i verk ulike tiltak, motivere frivillige og vere gode rollemodeller. Oppdraget er å bere fram bodskapen om Jesus; formidle kunnskap og skape undring og leie folk på veg mot tru.

Kyrkjevevjerjeringa er ei sjølvstendig kyrkjeleg leiarsstilling, men samstundes underlagt og leia av eit folkevald organ; - soknerådet. Eg vil takke for samarbeid, innspel og rettleiing med dei mange som har tatt ein periode eller fleire i soknerådet.

Om nokre veker vert eg pensjonist. Nye personar skal leie det kyrkjelege arbeidet vidare. Mi tid og rolle som kyrkjevevjerje er over. Takk til alle som har brydd seg og bore fram kritikk når det har vore rett. Og takk for ros og oppmuntring når det har vore tid og trong for det.

Takk for samarbeid i stab, i sokneråd og kyrkjelyden og saman mot ulike personar og avdelingar i Os kommune.

Gerhard A. Hansen
AVTROPANDE KYRKJEVEVJERJE I OS



OSS I MELLOM

Frå fest til faste Jula varer heilt til påske ...

Medan dette vert skrive er vi enda ikkje ferdige med julefeiringa, dei siste restane av julemat er endå ikkje ete opp. Vi har endå ikkje feira 13.dagen og kasta ut juletreet.

Men det er godt å kjenne at kvardagen igjen er her med sine gode rutinar. Etter jul er det tid til å omsetja julebodskapen om fred på jord i praksis. Eg fann eit engelsk dikt som seier noko om dette:

*Når julesongane
har stilna
Når det stjernetoppa treet
er rydda vekk
Når familie og vener
har reist heim att
Når vi er tilbake
i våre daglege gjeremål,*

DÅ TEK JULEARBEIDET TIL:
*Å ynskje flyktingar velkomne
Å lækje ein øydelagd planet
Å gje mat til svoltne
Å bygge bruer av tillit, ikkje murar av frykt
Å dela våre gåver
Å søkje rettferd og fred for alle menneske
Å bringa Kristi lys til verda.*

Jula har prega kyrkjelyden vår i nesten ein og ein halv månad frå dei første krybbevandringane med barnehagane i slutten av november, til julefesten i Nore Neset kyrkje på nyåret.

Vi ynskjer at fastetida også skal få setja sit preg på kyrkjelyden, og at Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon skal verte heile kyrkjelyden sin aksjon. Til no har det for det meste vore konfirmantane og nokre frivillige som har gått med bøsser tysdagen før påskeferien.

I år lagar vi ein ny vri: Bøsseinnsamling søndag 7.april og gudsteneste om kvelden etter det. Vi vonar at vi med dette kan få engasjert fleire og dekkja alle rodene i Os.

Som fellesskap har kyrkjelyden ansvar for å «Bringa Kristi lys til verda», som kyrkjemedlemmar har kvar einskild av oss eit ansvar for å bidra til at dette skjer.

Set av søndag 7.april og tenk igjennom kva du vil bidra med:

- Gå med bøsse
- Vere sjåfør
- Sitje på post og dele ut bøsser i grendene

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST

Fastetida i Os 2019 i korte trekk:

Søndag 3.mars:

Fastelavn/fest før faste: Familie-gudsteneste i Os kyrkje kl 11.00.

Onsdag 6. mars:

Oskeonsdag, fastetida tek til: Tema-gudsteneste i Os kyrkje kl 19.00.

Dei neste vekene:

Fastetida set sitt preg på gudstenester og samvere.

Søndag 7.april:

4. og siste søndag i fastetida: Innsamlingsaksjon om ettermiddagen og gudsteneste i Os kyrkje kl 19.00.

Tips til fastetida - korleis la fastetida prega kvardagen?

- Sett av litt tid kvar dag til bibel og bøn.
- Tenn fastelys. Dei regnbogefarga fastelysa kan kjøpast på kyrkjekontoret.
- Pynt huset med dei lilla dukane du hadde framme i adventstida.
- Leva litt enklare, set deg realistiske mål.
- Delta på gudstenester og arrangement.

Fastelys i regnbogens 7 farger

FASTELYS-pakken er i sal frå 3. mars på kyrkjekontoret og på kyrkjekaffi el. andre samlingar.

Stavlysa er ca 20cm høge og passer i vanlege lysestakar. Kubbelysa er 5x9 cm og passer en tallerken/et avlangt fat.





Velkomen til TweenSing!

Oppstart tysdag 22.januar.

TweenSing er eit kor for tweens i heile Os og skal vera ein sosial plass for alle 10-13-åringar. Her får du moelegheit til å utfalda deg kreativt gjennom kor, dans og etterkvart band og drama. Vi ønskjer å leggja til rette for eit inkluderande miljø, så du som deltakar er sjølv med på å bestemme songar og aktivitetar i arbeidet. Vi avsluttar kvar gong med kveldsmat saman.

Har du lyst til å vera med?

Snakk med ein foresatt og så kan dykk melde deg inn her: os.medarbeideren.no

Workshop

I fjor vart det i regi av TITT (torsdag i tunet) mfl. arrangert eit møte der det vart sett litt nærmare på ungdomsarbeidet i Os kyrkje. Gleder og utfordringar vart delt frå fleire hald.

Som eit resultat av dette møte vart det satt ned ei arbeidsgruppe for å sjå på kva som kan gjerast for å auke blant anna rekruttering. Her vart det bestemt at det skulle arrangerast 3 workshop, for å samtale rundt arbeidet og sette kurs og mål.

Den 5. januar vart den første workshopen arrangert. Her var det samla 32 deltakara som ivre for eit berekraftig ungdomsarbeid å som ønskjer og investere i dette arbeidet. Workshopen var delt i fleire bolkar der kvar del vart runda av med ein gjennomgang i plenum. På første bolke

vart det sett på kva utfordringar ein har og stri med, før ein på dei andre snakka litt om kvar me står i dette, samt litt prosess. Samlinga bar preg av at dette er noko som me vil få til, som me ønskjer å lukkast med. I etterkant av siste bolke var det mat og sosialt samvære, her var stemninga god og samtalanane flaut godt. I samtale med ein av ungdomane i etterkant kom det fram at dette hadde vært veldig bra og at vedkommande gledde seg storleg til fortsettinga.

Bli med i facebookgruppa «venner av ungdomsarbeidet i os kyrkjelyd» for å ta del i reisa mot eit pulserande ungdomsarbeid som er fullt av entusiasme og glede.

Lars Joar Hilleren
UNGDOMSARBEIDAR



Bli med i Join Us Ten Sing

Vi ønskjer nye og noverande medlemmer i Join Us velkomen til eit nytt og spanande vår-semester.

Vi øver mot høgdepunktet; eit flott Vårshow den 26. april. Vi øver kvar

onsdag i Tunet, kl 18.30-21.00. Bandet og koret øver kvar for seg, og saman på slutten av øvinga.

Temaøving ein gong i månaden, kor du kan velje mellom: dans, drama, teknikk, band og kor. I februar reiser vi

på Vinterfestival, og om hausten drar vi på helgetur og på Nattcup. Join Us Ten Sing er ein del av Os kyrkjelyd sitt ungdomsarbeid, og er samstundes knytt til KFUK-KFUM. Slik får vi ta del i mange flott arrangement, og leiarutvikling for ungdom.

For meir info: <https://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/os-hordaland/verksemdsomrade/barn-og-unge/Join-Us/>



REISEBREV FRÅ ANNY OG KAARE BAKKE FRÅ DEIRA TUR TIL MADAGASKAR I NOVEMBER:

Madagaskar - for 53 år siden og idag

Det var i 1965. Ei lang rekkje fjes i varierte fargar tok imot oss. Eit utsnitt av dei 5 millionane på øya den gongen. Men oss såg dei ikkje. Det var det store flyet dei var ute for å sjå.

Vi hugsar og neste inntrykket: - smilande, brune fjes, folk som grip oss med begge hender, overstrøymande glade for dei første gassiske orda våre.

Tredjeinntrykket sit best: - tromminga og klageropa nattetider for dødsfall i nabolaget.

53 år etter er utruleg mykje som før. Men fattigdommen er verre. Anna kan ein ikkje vente når flokken rundt matfattet visstnok er 25 millionar - femdobla sidan første gongen vi kom dit - utan at livsgrunnlaget har auka. Mykje av den fine regnskogen er brent ned. Det vart nokre sekkar med korn på kvar rydning - før flekken vart utarma og meir skog måtte fellast.

Dei store byane har fått slum. Tiggjarar og lommetjuvar finst i hopetal. Likevel er det

ikkje dette som gjer størst inntrykk på oss 53 år etter. Det er faktisk alle kyrkjene. Og flokkane som fyller dei kvar søndag. Mange stader tre gudstenester. Talet på kristne veks fortare enn nokon kan fylgje. Den lutherske kyrkja åleine får tre-fire nye kyrkjelydar kvar veke. 250 000 lutherske kristne i 1965 har vorte til 4 millionar. Ei sekstendobling!

I går var vi til gudsteneste i kyrkjelyden her. Over 1500 gjekk til nattverd! Tida for norske misjonærar er mest over. I vår misjonærtid var vi rundt 100. I dag er det 5. Men misjonstida er ikkje over! Millionar ventar. Og gassarane er misjonærar sjølve. Den lutherske kyrkja hjelper og til med misjonærar i andre land! Berre den grenselause fattigdommen hindrar endå større vekst.

Optimismen i landet var påtakeleg i 1965. Landet hadde hatt sjølvstende i fem år. Alt peika oppover. Etter kvart kom revolusjonar

og statskupp og korrupsjon. Valkampen vi opplever i november 2018 er eit fargerikt sirkus.

Men det beste med Madagaskar har ikkje endra seg: - det smilande, hjartegode, gjestfrie folket. Og musikken frå kjempegrashoppene og andre underlege skapningar som lagar lyd i tropemørket. Første gongen vi reiste til Madagaskar, var vi ukjende med alt. No reiste vi til familie og to gyllenbrune barneborn. Fantastiske Madagaskar!

Antananarivo, nov. 2018
Anny og Kaare Bakke



Basar til inntekt for Tunet Kyrkje- og kultursenter

Strikking gjev glede, og strikking er nyttig. Vi, i Strikk til Tunet, arrangerer basar laurdag 16. februar klokka 16.

Vi har mange, flotte, heimelaga gevinstar. Du kan vinne flottespremiar på loddbooker og åresal. Og så vert det lynlotteri med flotte fruktkorger og kaker.

Vidare vert det koselig underhaldning ved Isabel Aase, Tunet barnekor og musikkgruppa «Vondt i ryggen». Det blir servering av saft, kaffi og bollar. Vi gleder oss, og håpar du tar med heile familien og finn vegen til Tunet denne laurdagen.



Inger Kobbeltvedt / Randi Drange





Nominer nokon eller meld deg til Kyrkjeval!

Som mange kunne lese i førre kyrkjeblad, så er det val til kyrkjelege organ (sokneråd og bispedømeråd) samstundes med kommunevalet 9.september 2019.

Nominasjonskomiteén er alt i arbeid og er open for forslag på kandidatar til desse viktige verva. Og ei oppmoding til deg som gjerne vil vere med å styre lokalkyrkja i Os; ha frimod og meld deg som mogeleg kandidat til soknerådsvalet.

Formalkravet er at du er over 18 år og er medlem av Den norske kyrkja. Kyrkja treng folk som vil bidra til å utvikle og byggje kyrkja vår i Os. Engasjement for trosopplæring, diakoni, kyrkjemusikk, gudstenestefeiring, økonomi, personalleiing, barne-, ungdoms- og familiearbeid, gravplassar, byggforvaltning, kyrkjeblad

og informasjonsarbeid? Ja, her er mange områder sokneråd og fellesråd har trong for gode innspel til å få gode løysingar og engasjement inn i arbeidet. Og det er neppe nokon som er gode på alle desse områda; her er det kanskje nettopp du som skal no ha frimod til å melde deg til å gje ditt bidrag for kyrkjefellesskapen?

Snakk med ein nær ven om dette; om du ikkje har frimod til å melde deg sjølv, så kan du bruke ein venn til å spele inn ditt kandidatur?

Send spørsmål og tips om mogeleg kandidatar til NOMINASJONSKOMITEEN på e-post post@os.kyrkja.no eller levér på kyrkjekontoret.

Gerhard A. Hansen
KYRKJEVERJE I OS

Kyrkjevalet 2019

- Lovregulert styringsorgan for Os sokn
- Velgjast av medlemmer i Os kyrkjelyd for 4-års periode.
- Soknerådet har møte om lag 1 gong/mnd. Dei fleste medlemmer har og ein plass i eit utval (diakoniutval,

gudstenesteutval, musikkutval m.m.) saman med nokre av dei tilsette.

- Det er ein nøktern møtegodtgjersle (kr 500/møte)
- Du får nærkontakt og stort tilfang av kunnskap om kyrkjelyden/kyrkja.
- Du får vera ein av «folket si stemme» inn i styrande organ.
- Du får påverke og spele inn viktige saker til den lokale kyrkja.

Dåp i Os

Kvifor får du ikkje invitasjon til dåp, babysong eller andre trusopplæringstiltak i posten?

Etter 1.10.2018 får ikkje kyrkja lenger fødselsmeldingar frå folkeregistret. Vi kan difor ikkje lenger senda ut invitasjon til dåp.

For born fødd etter 1.10.18 gjeld difor:

Ynskjer du at barnet skal døypast. Informasjon om tidspunkt for dåp finn du på heimesida eller ved kontakt med kyrkjekontoret. Ynskjer du å delta på babysong anten i Os og Nore Neset. Det er oppstart kvart halvår. Ta kontakt med kyrkjekontoret.

Ynskjer du at ditt barn skal bli invitert til trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, sjølv om barnet ikkje er døypt eller høyrer til i eit anna kyrkjesamfunn, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Alle udøypte er velkomne til dåp i kyrkja, anten ein er vaksen, ungdom eller lite barn.

Sjå www.kyrkja.no/os eller ta kontakt på telefon 56 57 24 00 (Måndag – fredag kl 09:00-14.00)

Bli med på ein Superlørdag!

Velkomen til inspirerende foredrag og workshop i Tunet 2. februar!

Monica Cecilie Herredsvela som var deltaker i symesterskapet 2017 har nyleg kommen ut med ny bok: fra drøm til søm. Ho jobbar no i Hå kommune med ungdom og psykisk helse. Vi gleder oss til å bli inspirert av foredrag og workshop når hun kommer i Tunet 2. februar. Kommer du?



Program for Superlørdag i Tunet 02.02:

12.00: Kafe i Storsalen.

Strikkekafe, utstilling fra Strikk for livet i foajeen. Det blir og et enkelt foredrag med innblikk i arbeidet for kuvøsebarn i Tanzania. Tove Hille, Inger Johanne Haugland og Hildur L. Lillestøl. Kiosken er åpen utover dagen

13.00 – 15.00: Bærekraftig liv i Os har kleskarusell og samler inn klær på forhånd. Kostnadsfritt. Det blir også salg av brukte klær av Sammen for andre konfirmanter. Foajeen i Tunet.

15.00 – 16.00: Inspirasjonsforedrag i Storsalen: fra drøm til søm.

Monica Cecilie Herredsvela som var deltaker i Symesterskapet 2017 på NRK.

16.00 – 19.30: Spennende Workshops: Fra drøm til søm.

Redesign med Monica Cecilie Herredsvela. Påmelding på sms til dette seminaret: Ingrid Vik: 45051212 trenger navn og mailadresse for å sende mer info.

Til fest: ta med en flaske eller glass om du har, og lag din egen pynt til konfirmasjonen, dåp eller bryllup: Siv Søgnen med fler Smaksverksted: Lag ny og spennende mat fra ulike land, og enkel tradisjonell Norsk mat som selges i kiosken. Mahmoud og Kameran m. fler.

Walk on: bli med å planlegge og gjennomføre catwalk med musikk, lyd, lys, show og klær. Inger Johanne Haugland m. fler.

19.30 – Kiosken stenger og vi gjør klar for Catwalk.

Med brukte- og redesignklær som er laget. Ikke gå glipp av showet.

20.00 – 21.00: Vi gjør oss ferdig med praten, det vi lager, og rydder.

Velkommen til å være sammen med oss, og kom og om du bare vil være i kafeen å være sosial og slappe av. Åpent hus. Velkommen!

Ingrid Vik
DIAKON

Velkomen til Språkkafeen

Språkkafeen i Os vert open ei gong i mnd. dette semesteret. I Tunet kyrkje- og kultursenter torsdagar kl. 17 – 19: 17.Januar, 7. Februar 14.Mars, 11.April, 02. Mai og 06.Juni.

Det vert eige musikkgruppe for barna, og vi jobber med å få til eige opplegg for ungdom.

Meld frå til diakon Ingrid Vik om du ønskjer melde deg til frivillig til miljøarbeid, leksehjelp eller anna for ungdom.

Me ønskjer å få til utvida tilbodet. Send e-post til iv@oskyrkja.no. «Språkkafeen i Os» har og en eigen facebookgruppe.

Språkkafeen er eit samarbeid mellom Os Kyrkjelyd, Norsk folkehjelp i Os, og Norske Kvinners Sanitetsforening Os, Os Frivilligsentral og Os kommune Flyktningetjenesta.

Ingrid Vik
DIAKON



Barne- og familiearbeid i Os kyrkjelyd

Parallelt med enkelttiltaka i trusopplæringsplanen har Os kyrkjelyd faste og kontinuerlige tilbod til born og familie. Her er oversikta over dei.

LørdagsSprell

I Nore Neset har vi og eit anna barne- og familiearbeid, i tillegg til barnesamling ved gudsteneste, nemleg – **LørdagsSprell**:

- Fokus på 1-5 åringane, men eldre søsken er hjarteleg velkomne.
- Sang og leik
- Formingaktivitet
- Bibelforteljing - frå søndagsskuleopplegget «Sprell Levande»
- Vi et lørdagsgraut saman. Dette koster litt, men evt. overskudd går til «Garden of Eden»

Her er vårens treffpunkt for barnefamilier i Nore Neset kyrkje:

Laurdag 2. februar, 16. mars, 6. april og 25. mai, frå kl 11-13.



Søndagsskule: SPRELL LEVENDE

Vi har Sprell Levande barnesamling ved gudsteneste i både Os og Nore Neset kyrkje. **Oversikt over vårens samlingar:**

Dato	Os kyrkje / Tunet
20. januar	Barnesamling v/gudsteneste
27. januar	Barnesamling/Tårnagent-helg
3. februar	Barnesamling v/gudsteneste
10. februar	Barnesamling v/gudsteneste
17. februar	Familiegudsteneste
3. mars	Fastelavensgudsteneste
10. mars	Barnesamling v/gudsteneste
17. mars	Barnesamling v/gudsteneste
31. mars	Familiegudsteneste
14. april	Myldre-/Familiegudsteneste
28. april	Barnesamling v/gudsteneste
19. mai	Barnesamling v/gudsteneste
26. mai	Barnesamling v/gudsteneste
2. juni	Familiegudsteneste
16. juni	Familiegudsteneste/Sommerfest

Kan du tenka deg å hjelpa til i dette arbeidet? Vi tar godt imot deg!

Ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen, tlf 56 57 24 12 / e-post ghs@os.kyrkja.no

ShubaDubs familiekor

ShubaDubs familiekor er for born i alderen 2 – 5 år, saman med mor, far eller besteforeldre. Vi samlast annankvar torsdag i Tunet på Os, kl 17.30 – 18.30. Då syng vi og leikar litt, før vi et kveldsmat saman til slutt. Vel møtt!

Oppstart torsdag 24.januar



Tunet barnekor:

TUNET barnekor er eit kor for 1.-4.klasse. Vi øver annankvar torsdag i Tunet på Os, kl 17.30 -18.30. Her syng vi kjekke sanger, leiker masse, får lov å prøva oss på å syngja i mikrofon og spele med rytmeinstrument. Lurer du på om dette er noko for deg? Kom og prøv då vel!

Oppstart torsdag 24.januar



Fredags-taco

Liker du både fellesskap og taco? Då er fredags-taco i kyrkjelyda perfekt for deg!

Ein fredag i månaden kl 17-19 samlast ein super gjeng i Tunet til fellesskap rundt tacobordet, og dette fellesskapet har alltid plass fleire.

På Fredagstaco møtast vi først i kyrkja til ei samling med song, andakt og leik. Deretter har vi tacodugnad der vi lagar taco saman, medan det og er høve til legobygging, brettspel eller bilbanekjøring. Og ein kaffekopp for dei som drikk kaffe.

Fredagstacodatoane for våren 2019:

8. februar
8. mars
12. april
14. juni.

På facebookgruppa Fredagstaco i Os kyrkjelyd kjem meir informasjon og påmelding ca ei veke før. Velkomen på fredagstaco!

Roar Hallesby Evjedal



Babysong :

Oppstart 24. januar i Nore Neset kyrkje og Tunet kyrkje- og kultursenter. Kvar uke kl 1030

Utdeling av 4-årsbok

Os kyrkje : Søndag 17. februar kl 1100
Nore Neset kyrkje : Søndag 10.mars kl 1100

Familiekoret ShubaDubs

Starter ny sesong 24. januar. Velkomen barn frå 2 ½-5 år saman med ein vaksen. Øving i Tunet kyrkje-og kultursenter annankvar torsdag frå 1730-1830.

#MEG:

For 13.åringane vil det bli invitert til #MEG den 19 mars. Sjå kyrkja.no/os for meir informasjon.

Velkommen til «Heilt førsteklasse»

Trusopplæringstiltak for deg som går i 1.klasse.

Du får vere med på 5 samlingar i Tunet på Øyro. (Tunet ligg ved sida av Os kyrkje)
Første samling vert: Tirsdag den 12. mars klokka 17.30 – 19.00.
Datoane for dei andre samlingane er: 19.03, 26.03, 02.04 og 09.04.

Vi sender ut invitasjon til alle som er døypte eller er tilhøyrige til Os kyrkje (når ein er tilhøyrig er ein av foreldra medlem i Den norske Kyrkje).

Påmelding: os.medarbeideren.no

TUNET Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål. Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon eller bryllaup. Eller kanskje eit møte av ulike slag?
Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leigevilkår

Telefon 56 57 24 00



Likestillingslova 40 år: - Kva med kyrkja og likestilling?

Likestillingslova vart vedtatt i 1978 og formålet var særleg å betre kvinner si stilling i samfunnet. Kor er vi i kyrkja i denne prosessen?

Det er mange moment som skal vurderast og endring er noko som tar tid. Og drivkreftene for endring må vere større enn motkreftene. Medan kyrkja var ein del av staten fram til 2012 var staten ved Stortinget ein viktig pådrivar.

Alt i 1938 vedtok Stortinget at kvinner kan bli prestar, - om kyrkjelydane vil. Reservasjonen om at kyrkjelydane kunne reservere seg vart oppheva i 1956. Denne opphevinga var ein følge av FN-erklæringa om menneskerettigheter frå 1948. Denne slår fast at kvinner har like retter som menn til å ha offentlege stillingar. Prinsippet om religionsfriheit kom først ved endring av Grunnlova i 1964.

I 1961 vart Ingrid Bjerkås ordinert til presteneste. Sjølv om Stortinget hadde lovmessig gjort naudsynte endringar, var det internt i kyrkja ein lang prosess før biskop Schjelderup sa ja til ordinasjon av Ingrid Bjerkås. For eit fleirtal av biskopane var det utenkeleg å ordinere kvinner.

6 biskopar skreiv eit offentleg brev der dei uttrykte: «kvinnelige prester er påtvunget utenfra og vil føre til mye nød og motsetninger i vår kirke». Professor Leiv Aalen på Menighetsfakultetet uttalte «Det er ingen grunn til panikk all den tid fru Bjerkås blir både den første og siste kvinnelige prest i vårt land.» Han tok feil. Frå 1961-1975 vart det ordinert 21 kvinner til presteneste.

Da likestillingslova vart utforma på 1970-talet var det foreslått at lova skulle berre gjelde privatlivets område; privatliv som familieliv, foreningsliv og trossamfunn. Stortinget slo eksplisitt fast at statskyrkja skulle vere omfatta av lova



Kvinnelege toppleiarar i kyrkja frå venstre Ingrid Vad Nilsen, Helga Haugland Byfuglien og Kristin Gunleiksrud Raaum

og at kyrkjelydane / sokneråda ikkje kunne sjå bort frå kvinnelege søkerar til prestestillingar. Det var ikkje mangel på prostestar; det vart hevda at eit statleg press på kyrkjelydane til å tilsette kvinnelege prestar ville føre til splid og uhygge og vere ei ulukke også for den kvinnelege kandidat!

Da Stortinget vedtok likestillingslova i 1998 vart det gjort eit generelt unntak; «unntak for indre forhold i trossamfunn». Unntaket har vore stabilt i meir enn 30 år og forståinga er ganske lik i dag som da lova var vedtatt. Vi kan kanskje sei; på tross av dette har det vore ei tydeleg utvikling i DnK. På 1980- og 90-talet gjorde kyrkjemøtet vedtak om likestilling, Rose Marie Køhn vart første kvinnelege biskop. Det vart etablert stilling som kvinnekonsulent i kyrkjerådet, vi fekk nye tilsettingsreglement for kyrkjelydsprestar og nominasjonsordning for biskopar som tydeleg gav likestilling mellom kvinnelege og mannlege kandidatar.

Ei lita oppsummering: likestilling i kyrkja har i nokon grad vore «påført utanfrå», men først og fremst vore ei drakamp internt i kyrkja. Kvinnelege teologforeining har vore viktig pådrivar. Det har vore ulike syn både mellom biskopar og kyrkjerådet med tidvis tydelege enkeltpersonar som har drive prosessane framover.

Statistikk syner at i 2018 er det fleirtal av kvinner i ulike råd/styringsorgan:

- Kyrkjemøtet: 44 % menn
- Bispedømeråd: 47 % menn
- Sokneråd: 41 % menn
- Kyrkjerådet: 40 % menn

Ved nominasjon til dei ulike råd/organ, er det eit krav at minst 40 % av kandidatane frå kvart kjønn. Ser vi på kven som er leiarar i den norske kyrkja i dag, finn vi berre kvinner: Preses Helga Haugland Byfuglien, direktør i kyrkjerådet Ingrid Vad Nilsen, valgt leiar i kyrkjerådet Kristin Gunleiksrud Raaum. Lokalt i Os har vi kvinneleg leiar i soknerådet Anne Turid Bjørnevik, sokneprest Margrethe H. Askeland og ny kyrkjevevjerje, Kristine Fjeld, tiltrer i februar.

Likestilling er viktig, - men den gjeld begge vegar. Menn må og sjå og ta sitt ansvar og sikre at deira plassar vert fylte med dyktige medarbeidarar. Både i valde organ, men og med å kvalifisere seg til kyrkjelege jobbar og gå inn i desse.

Gerhard Hansen
KYRKJEVEVJERJE

Denne artikkel er basert på eit foredrag spesialrådgjevar i KA Stina Hansteen Solhøy hadde på KA sin kyrkjeleiarakonferanse hausten 2018.

Sokneprestens hjørne: Tiltaksfadder - kva er det?



Då den norske kyrkja for nokre år sidan fekk midlar til å ta hand om trusopplæringa av alle døypte sjølv, var det ei som sa det slik: «Takk Gud for at vi ikkje får pengar nok til å berre bruke tilsette i trusopplæringa.» Ho såg ei moglegheit til å involvera og myndiggjera kyrkjelydsmedlemmar gjennom deltaking i ulike tiltak. Os kyrkjelyd har ein ambisjøs plan. Mange av tiltaka for barn og unge er heilt avhengig av at mange frivillige bidreg. Her er foreldre som stiller opp og lagar mat, er nattevakt, passar på ungane i fakkeltog, osb, osb.

Ideen om tiltaksfaddar kom opp under arbeidet med planen her i Os. Det inneber at ein seier seg villig til å vere med som frivillig på eit tiltak over fleire år. Oppgåvene er mange: Pukke og kjøre ut spisebrikker til 1-åringane, koke graut til 3-åringane, vere med på kyrkjebokutdelinga til 4-åringane. Vi har tiltaksfaddarar for alle tiltaka våre. I mange store opplegg som skapingsdagane kjenner eg igjen fleire som er med år etter år.

Kva er det som gjer at nokon set av fritid og går inn med liv og lyst i oppgåvene dei har valt år etter år. Eg vart litt nyfiken, og spurde ein som har valgt seg sitt «faddertiltak». Arne Tveit kom til Os frå jobben som kyrkjevevjerje i Lofoten for nokre år sidan. Der hadde han vore med på «Lys vaken» fleire gonger, så han visste kva det innebar å ta på seg dette. Eg spurde han kva det inneber å vere fadder på dette tiltaket og kvifor han set av ei helg kvar haust med mykje arbeid og lite svevn.



Arne Tveit svarar:
Da jeg kom flyttende til Os, valgte jeg å si ja til å stille opp en helg i året, som tiltaksfadder til «Lys Vaken». Jeg har slett ikke angret på dette ja-et.

Hver høst blir jeg invitert inn i lederfellesskapet til denne aktiviteten, sammen med andre frivillige og ansatte. Der blir jeg spurt - «hvilke aktiviteter vil det være greit for deg å gå inn i?» Jeg tar ansvar for disse, og jobber sammen med de andre lederne gjennom helga (lørdag til søndag). Det er lite fritid og avslapping mens dette står på - for vi ønsker å gi ungene en best mulig opplevelse og er topp konsentrerte om det hele tiden.

Hva får jeg igjen for dette? Jeg blir litt kjent med en del flotte unger i Os, jeg blir kjent med noen av de ansatte i menigheten og får et lite innblikk i deres arbeid, jeg blir kjent med andre Osinger som deltar som frivillige - og ikke minst, jeg får lov å delta aktivt i et viktig arbeid. Jeg opplever det som en god investering å være tiltaksfadder en helg (lørdag-søndag) i året, og anbefaler på det varmeste andre til å stille opp på samme måte.

Takk til Arne og alle andre som stiller opp år etter år. For å lukkast med trusopplæringsarbeidet, er vi heilt avhengige av dykk.

Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST

Flammene er mange, lyset er eitt (537)

Ein salme om einskapen mellom dei kristne i verda — trass i alt som skil oss, er vi eitt i Kristus. Den svenske salmediktaren Anders Frostenson har skrive salmen, og Trygve Bjerkheim har omsett han. Olle Widestrand (1932-2018), svensk musikar, pedagog og komponist, skreiv melodien i 1974, Psalmer och visor.

1 *Flammene er mange, lyset er eitt. Lyset – Jesus Kristus. Flammene er mange, lyset er eitt. Vi er eitt i Kristus.*

2 *Greinene er mange, stammen er ein. Stammen – Jesus Kristus. Greinene er mange, stammen er ein. Vi er eitt i Kristus.*

3 *Gåvene er mange, kjærleiken ein. Ein i Jesus Kristus. Gåvene er mange, kjærleiken ein. Vi er eitt i Kristus.*

4 *Tenester er mange, Anden er ein, Jesu Kristi Ande. Tenester er mange, Anden er ein, Vi er eitt i Kristus.*

5 *Lemmene er mange, lekamen ein, Jesu Kristi kyrkje. Lemmene er mange, lekamen ein. Vi er eitt i Kristus.*



Andrew Paul Holman
KANTOR

TITT-datoar, denne våren:

- Torsdag 21. februar: Gry Stålsett
- Torsdag 28. mars
- Torsdag 25. april

Kortversjon om Titt, - enkel kveldsmat, musikk og tanke til ettertanke. Sjå www.kyrkja.no/os for oppdatert program når møtedato nærmar seg.

GOSPEL-NIGHT I OS KYRKJE

Fredag, 1. februar, kl 19.30.
Alle er hjarteleg velkomne!
Etter Gospelnighten vert det kyrkjekaffi i Tunet.

Datoar for Eldretreff

Velkomen til Kløvertun kl. 12:
8. januar, 5. februar, 5. mars,
2. april, 7. mai. Dagstur 4. juni

Bønetenesten

Vi samlast til bøn i salongen i Tunet torsdagar i oddetalsveker kl.18.00-18.30

UngdomsKRIK

på Os barneskule i gymsalen kvar fredag kl 18:30-20.

For meir informasjon, Ta kontakt ungdomsarbeidar på 56 57 24 17 for meir info.

Kyrkjekoret

Kyrkjekoret starta øvinga tysdag den 15. januar. Kvart semester opptrer vi 2 - 3 gongar. Vi syng ei blanding av dei gode, gamle og nye songar. Koret treng fleire stemmer. Ta med godt humør og songglede. Koret øver tysdagar kl 18 - 19.30. Møt opp eller ta kontakt med kantor Andrew Holman (56572411/95335651). **Vel møtt!**

Søndagssamling

For mennesker med utviklings-hemming og andre i Kyrkjetunet. Bibelfortelling, sang og musikk, kaffe med noe å bite i. Storsalen i Tune kl 17.00 - 18.30 disse dagene: 17.februar, (familie og andre interesserte inviteres spesielt denne dagen), 24.mars og 2.juni.

Gudsteneste i Os kyrkje 1.påskedag kl 17.00.

Senior-Kononia våren 2019

Samlingar i Kyrkjetunet , kl. 11.30

Torsdag 31.januar

«Jacob Sande» v/Lærar og bonde Geirmund Dyrdal.

Torsdag 14. februar

«Mukweges Kongo» v/ Kongomisjonærene, sykepleier og lege, Åse og Tor Magne Kommedal.

Torsdag 28. februar

«Bibelens ord og tanker i norsk språk og kultur» v/Redaktør Kurt Urhaug.

Torsdag 14. mars

«Løfteslandet - idag» v/Tidligere rektor Harry Wiig Andersen.

Torsdag 28. mars

«Mattias Orheim» v/Lærar og kulturmann Jan Gaassand.

Torsdag 11.april

«Når vårsol i bakkane blenkte» v/Bodil Duesund.

Torsdag 25. april

«Korleis skal den unge halda sin sti rein» v/Politibetjent Svein Bjørn Losnegård.

Torsdag 9. mai

«Kva kan eg lære av oldefar» v/ Forfattar, politikar og styrar Marit Elisebet H Totland.

22-24.mai: Tur

Støtt våre annonsører



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

**Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

ING. G. VÅGE A.S

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

*Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar*

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse
- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



www.jernia.no

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.




Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"



DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdiast
Panel - lister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

Os Gravferdsbyrå as



**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

21. oktober

Nadine Sjästad Bruarøy
Leander Lepsoe Halsvik
Mathilde Louise Mjeldheim

4. november

Sarah Heien

11. november

Ulrik Mongstad Alvsaker
Silja Særvold Dahle
Dani Andre Stensen-Hansen
Sanne Tuffeland

18. november

Eliah Bergesen Cid
David Røttingen Myklebust

25. november

Emil Indrøy
Anna Tveiten Scheie

30. november

Sebastian Glinje Asbjørnsen
Jonas Wilhelm Detjen

2. desember

Olivia Karlsen

9. desember

Noah Sjøbø Asbjørnsen
Herman Hansen Østbye
Markus Stang
Olivia Steend-Bogevik
Sarah Dorthea Øvreeide
Thomassen

16. desember

Alva Skurtveit Fagerthun
Leonel Bjelland Kolaj
August Olsen Kvitting

DØDE

Karl Lepsoe

f. 02.11.1952 - d. 10.10.2018

Kjetil Eide

f. 09.07.1980 - d. 26.10.2018

Magne Lunde

f. 29.05.1941 - d. 30.10.2018

Rolf Mosaker

f. 06.03.1936 - d. 31.10.2018

Arne Strønen

f. 21.09.1937 - d. 02.11.2018

Håkon Ingmar Brekke

f. 17.02.1930 - d. 13.11.2018

Gro Merete Søfteland

f. 08.03.1964 - d. 13.11.2018

Hanna Moberg

f. 03.04.1932 - d. 21.11.2018

Nils Lunde

f. 02.01.1930 - d. 24.11.2018

Asbjørn Melling

f. 24.02.1948 - d. 29.11.2018

Alvhild Sundøy

f. 27.08.1921 - d. 01.12.2018

Tordis Helen Gangdal

f. 18.05.1935 - d. 05.12.2018

Kåre Aase

f. 19.04.1948 - d. 07.12.2018

Eva Balland

f. 26.08.1937 - d. 07.12.2018

Liv Randi Anita Bøe Askvik

f. 29.04.1946 - d. 08.12.2018

Lovise Oliva Askvik

f. 04.09.1931 - d. 15.12.2018

Alma Bjørg Hitland

f. 17.09.1927 - d. 16.12.2018

Ingvar Otto Lepsoe

f. 30.05.1939 - d. 16.12.2018

Ingeborg Oline Stuen

f. 31.10.1931 - d. 21.12.2018

Oversikt over kva vi har fått inn i takkoffer sidan 7. oktober 2018

Dato	Takkoffer til	Beløp
07.10.2018	Barnearbeidet i kyrkjelyden	kr 6 592,-
14.10.2018	TV-aksjonen Kirkens bymisjon	kr 6 621,-
21.10.2018	Kongshaug Musikkgymsnas	kr 17 181,-
28.10.2018	Kyrkjjetunet	kr 6 578,-
04.11.2018	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	kr 4 530,-
11.11.2018	Tunet	kr 7 725,-
18.11.2018	Konfirmantarb. i kyrkjelyden	kr 6 386,-
25.11.2018	Misjonsprosjektet	kr 6 989,-
02.12.2018	Os KFUK/M-Speidarane	kr 6 982,-
09.12.2018	Tunet	kr 4 495,-
16.12.2018	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 7 181,-
24.12.2018	Kirkens Nødhjelp	kr 50 443,-
25.12.2018	Det Norske Misjonsselskap	kr 6 343,-

Endringar i stab

Hege Varhaug-Lekven kom att i 50% stilling i januar som kyrkjelydsarbeidar etter permisjon gjennom 2018.

Janne Fagerås reduserer samstundes si stilling til 40 %. Desse to har hovudansvar for trosopplæringstilboda for aldersgruppa 1-11 år.

Kristine Fjeld starter opp som ny kyrkjevevjerje 1. februar. Ho vert sett inn i tenesta ved gudstenesta 3. februar og soknerådet inviterer til kyrkjekaffi i etterkant av gudstenesta.

Gerhard A. Hansen fråtrer stillinga som kyrkjevevjerje ved utgongen av mars. Ny og avtrøppande kyrkjevevjerje får 3-4 veker saman for overlevere mest mulig informasjon til den nye kyrkjevevjerja. Gerhard Hansen skal ha 4 veker ferie i mars.

Trygve Helgesen slutta primo januar som kyrkjjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

GRAVMINNER

Løvaas
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espeshaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

OS HAGESERVICE 
alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no 



Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje

03.02.19 kl. 10.00: Dåp.
03.02.19 kl. 11.15: Nattverd. Innsetting av ny kyrkjevevjerje. Prosten deltek.
10.02.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.
17.02.19 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
24.02.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
03.03.19 kl. 10.00: Dåp. Nattverd.
06.03.19 kl. 19.00: Kveldsgudsteneste.
10.03.19 kl. 10.00: Dåp.
10.03.19 kl. 11.15: Nattverd.
17.03.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek.
31.03.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

Nore Neset kyrkje

17.02.19 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Bibeldagen.
10.03.19 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
24.03.19 kl. 11.00: Nattverd. Maria bodskapsdag.

Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysningar.



OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland, kia@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVEVJERJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199
Frå 1/2, Kristine Fjeld, kf@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 17 / mob. 476 56 541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 452 75 553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no
mob.: 482 32 977

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:
Gro Helen B. Skjælaaen, gbs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hvl@os.kyrkja.no
Janne Fagerås, jf@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:
Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Marianne Tveit, Øyvind Dreyer og Linn
Kjerstin Rondestveit

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os

BARNESIDA



BARNAS SIDE

Finn fem feil! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 10 jentenamn!

I rutenettet under har vi gøymt ti jentenamn. Namna står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

J	A	K	A	L	I	T	E	A
U	M	U	L	I	E	I	E	M
V	Ø	L	P	N	V	R	M	A
S	M	E	I	N	I	I	M	K
I	S	A	B	E	L	L	A	O
R	O	T	E	A	D	Y	K	K
I	F	A	T	U	E	K	N	O
L	I	N	O	R	A	M	A	L
S	E	N	K	V	S	A	S	I

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sundagsskolen.no eller **22 08 77 00**.



Fargelegg!

Bartimeus var blind. Då Jesus kom forbi, ropte Bartimeus på han. Jesus ga han synet tilbake.



Teikningar: Kari Sortland

Vitsar

Ein turist kom til Bergen på en regnversdag. Han spurde ein gut som gjekk forbi:

- Sei meg, regnar det alltid her?
- Eg vet'kje, svarte gutten, eg e bare elleve år.

Audun hadde byrja i første klasse og skrytte til læraren sin:

- Pappa og eg veit alt!
- Ja vel? Kva heiter hovudstaden i Mongolia, då?
- Det er det pappa som veit.